



Tone Linn Bakke
Hopsvågen 83
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/623 - 18/7683

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
07.03.2018

Vedkomande tett septiktank - gbnr 126/75 Hope

Vi har motteke brev i frå Norva24 vedkomande tett septiktank.

For å sikra tilfredsstillande drift av avlaupsanlegget er det nødvendig å gjennomføra regelmessig slamtømming. I følge gjeldande regelverk skal slamavskiljarar tilknytt heilårshus tømmast heilt for slam etter behov og ikkje sjeldnare enn anna kvart år. Manglande slamtømming vil medføra fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Dersom større element vert kasta i toalett vil dette kunne føra til at slamavskiljaren og avløpsleidningar ikkje lenger fungerer. Slamavskiljaren kan heller ikkje tømmast med ordinært utstyr. Du må difor sørga for at ekstra slamtømming vert rekvirert og gjennomført. Ekstratømming vert ikkje dekkja av det kommunale slamgebyret, jf § 6 i Forskrift for slamtømming.

Frist for utført slamtømming vert satt til 11.04.2018.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller du har andre kommentarar, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som gitt over.

Når ekstratømming er utført må du melda dette inn til kommunen og nytta adresse:

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta

Ingrid Bjørge Pedersen



avdelingsleiar

rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tone Linn Bakke

Hopsvågen 83

5955

LINDÅS